



MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Turid Moldøen, Ingard Kahrs og Rune Minde.

Ikkje møtt: Tone Sævi, Terje Stormark og Silje Sulen Gullaksen.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 12/22 – 16/22

F 12/22	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 29.03.2022
Vedlegg	Møteboka frå 29.03.2022 Innkallinga til møtet 31.05.2022
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 13/22	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">Kyrkleleg organisering, status.

F 14/22	SAMORDNINGSAVTALE BJØRGVIN BISPEDØME OG FEDJE SOKN
	<p><u>Bakgrunn:</u></p> <p>Bjørgvin bispedømekontor har tatt initiativ til å utarbeida samordningsavtalar mellom det enkelte fellesråd og bispedømekontoret, på (HMS) HMT området. Avtalen er i 8 punkt og regulerer ansvarsdelinga for eit godt nok arbeidsmiljø, samordning av hmt oppgåver, om vernerundar, om deling av det økonomiske ansvaret ved kompetanseheving, om avvikshandtering som berører begge arbeidsgjevarlinjene, med meir.</p> <p>Avtalen er eit godt utgangspunkt for å styrka hmt arbeidet lokalt og vil vera ei hjel til mindre sokn for å betra rutinane på dette arbeidet. Her vil bispedømekontoret kunna yta oss god bistand.</p> <p>Ulempa med avtalen og med arbeidsmiljølova generelt, er at den i mindre grad tek omsyn til at vår verksemeld er lita. Vi har ingen krav på</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>oss til å oppretta arbeidsmiljøutval. Vi kan velja å ikkje ha verneombod. Men vi bør få på plass ei ordning med årlege vernerundar.</p> <p>I ei lita verksemder som vår, vil vi fanga opp det meste ved at leiar er tett på den løpende drifta og ved at vi har jamnlege stabsmøter. Vi manglar likevel betre struktur på faste møter med heile staben og ei fast ordning med medarbeidarsamtalar med alle.</p> <p>Ved at bispedømekontoret tek initiativ til ein slik samordningsavtale, hjelper dei små sokn som Fedje (og Austrheim for den del) til å betra våre eigne rutinar på personalarbeidet og på å fokusera på arbeidsmiljøet generelt. Kanskje kan ein sjå for seg at bispedømekontoret i ei framtidig og einskapleg organisering av kyrkja, nettopp kan ha slik spesialkompetanse som særskilt vil vera til hjelp for dei minste sokna.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner samordningsavtalen på HMT-arbeid mellom Fedje Sokn og Bjørgvin bispedømeråd, slik den ligg føre.</i></p>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner samordningsavtalen på HMT-arbeid mellom Fedje Sokn og Bjørgvin bispedømeråd, slik den ligg føre.

F 15/22	TILSETJING AV TRUSOPPLÆRAR – engasjement for 1 år.
	<p><u>Bakgrunn:</u></p> <p>Fedje Sokn har lyst ut 15% stilling som trusopplærar. Stillinga er definert som midlertidig i 1 år. Dette har samanheng med at soknet eigentleg ikkje har dekning for ei slik stilling. Kyrkjeverja rådførte seg med Aider, som køyrer lønn for oss. Dei har kome med tilråding om at vi kan løysa dette på denne måten. (Vi hadde i utgangspunktet lurt på å oppretta ei tidsavgrensa prosjektstilling).</p> <p>Stillinga vart lyst ut internt med frist 22. april. Utlysinga vart lagt ut på heimesidene til Fedje sokn og vart elles gjort kjent ved opphenging av plakat. To personar hadde i forkant gitt uttrykk for at dei kunne tenkja seg å søkja. Begge vart tilskrivne og fekk kopi av utlysingsteksten. Då fristen var gått ut hadde ingen av dei søkt. Begge visste om kvarandre. Kyrkjeverja tok kontakt med begge for å høyra om dei kunne/ville søkja. Den første hadde gløymt det ut, og sendte inn søknad med det samme. Den andre tenkte at det ikkje hadde nokon hensikt å søkja, sidan ho visste om den andre og tenkte at ho var betre kvalifisert. Begge har no søkt, og begge har sendt inn sine respektive søknader etter at fristen har gått ut.</p> <p>Vi drøfta dette i AU møtet 10. mai og tenkjer at begge søknadane er gyldige, sidan begge har komne inn etter fristen gjekk ut.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>På det samme møtet drøfta vi korleis innretninga på dette engasjementet kan bli. Vi ønskjer å setja opp ein årsplan med trusopplæringsaktivitetar og telja timer tilsvarende ei 15% stilling. Vi ønskjer ikkje å tilby ei 15% stilling og jamna ut utbetaling av løn over heile året, men heller målretta lønsutbetalingar inn mot konkrete tiltak. Begge søkerane er skriftleg orientert om dette. Ordlyden i utlysingsteksten er heller ikkje til hinder for ein slik framgangsmåte.</p> <p>Søkerane:</p> <ul style="list-style-type: none">• Amelie Knieriem Storebø f. 1992. Teologistudent. Tilsett som trusopplærar i Austrheim sokn i 30% med hovudansvar for konfirmantundervisninga.• Ishbel Salte f. 1997. Barnehagelærar (bachelor). Har deltatt i trusopplæringstiltak i Fedje sokn. <p>Drøfting:</p> <p>AU drøfta dette i sitt møte og ser at det er ei utfordring å koma opp med ei tydeleg tilråding på kven som bør få tilbodet om eit slikt engasjement. Begge er godt kvalifiserte til ei slik stilling.</p> <p>Ishbel har bidratt på trusopplæringstiltak i Fedjekyrkja tidlegare, med gode tilbakemeldingar. Ho bur også på Fedje og er aktiv i bedehusmiljøet.</p> <p>Amelie har allereie ei trusopplærarstilling, som konfirmantansvarleg. Ho er dermed også på Fedje i samband med det felles konfirmantopplegget.</p> <p>På møtet i AU kom det fram ulike synspunkt på kva ein bør vekta i forhold til tilsetjing.</p> <p>I AU møtet kom det fram moment som kan sjåast på både som fordelar og ulemper om ein vel den eine framfor den andre.</p> <p>AU ønskjer ei open drøfting i soknerådet og ser det ikkje som usannsynleg om det vert ei delt stemmegjeving.</p> <p>Saka vert difor lagt fram i soknerådet utan framlegg til vedtak.</p>
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd vel å tilby Ishbel Salte 1 års engasjement som trusopplærar, tilsvarende 15% stilling, med punktvis lønn ut frå konkrete trusopplæringstiltak.</p>

F 16/22	ØKONOMIPLAN
	<p>Bakgrunn:</p> <p>Kyrkjeverja har laga eit innspel til økonomiplan for framtidige investeringar. Dokumentet gir også ein kort omtale av utfordringar i drifta slik stoda er no.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>På driftssida er det særskilt ekstra kostnader til revisjon og straum som vil føra til ein sannsynleg budsjettsprekk i 2022.</p> <p>AU har hatt ei grundig drøfting av investeringsbehova framover og har konkludert med at det viktigaste prosjektet no er å få på plass universell inngang i kyrkja. Det ligg føre teikningar med godkjenning frå bispedømekontoret frå 2010. Kyrkjekontoret har også fått oversendt eit kostnadsoverslag frå 2017 frå Samnøy maskin på ei tilsvarande men rimelegare løysing. Gjennom denne prosessen har det dukka opp ein ny idé om å laga inngangen der nordvindaugen i våpenhuset no er. Dermed unngår ein å gå heilt rundt trappa til hovudinngangen. Sjølv om ein her får ein ekstra inngang, vil alle likevel ta seg inn i kyrkja via hovuddøra. Sideinngangen på nordsida er for trang og lite eigna for rullestolar. Det vil vera behov for ein ny runde med søknad om godkjenning. Inngang på nordveggen av våpenhuset vil også krevja nye teikningar.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i></p> <p><i>Fedje sokneråd godkjenner økonomiplanen med framtidige investeringsbehov, slik den ligg føre.</i></p> <p><i>Soknerådet vil på bakgrunn av opplysningar om auka utgifter til revisjon og straum, be om at kyrkjeverja går i forhandlingar med ny kommunedirektør om ei ekstra løyving til soknet i løpet av dette året.</i></p>
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd godkjenner økonomiplanen med framtidige investeringsbehov, slik den ligg føre.</p> <p>Soknerådet vil på bakgrunn av opplysningar om auka utgifter til revisjon og straum, be om at kyrkjeverja går i forhandlingar med ny kommunedirektør om ei ekstra løyving til soknet i løpet av dette året.</p>

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Turid Moldøen, Ingard Kahrs og Rune Minde.

Ikkje møtt: Tone Sævi og Terje Stormark.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Saksoversikt: S 07/22 – S 09/22

S 07/22	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 29.03.2022
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 29.03.2022 Innkallinga til møtet 31.05.2022
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 08/22	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Sjøvegs kyrkjereis 12. juni• Utugudsteneste 3. juli

S 09/22	OFFERTILDELINGAR 2022
	<u>Bakgrunn:</u> Offertildelingane har brukt å følgja eit meir eller mindre fast mønster. Framlegg til offertildelingar vil byggja på denne sedvanen og vert lagt fram i møtet til godkjenning.
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner følgande offertildelingar: 07.08: Fjon Fjellkyrkje 04.09: Kyrkjelydsarbeidet 02.10: Kyrkjelydsarbeidet 23.10: Misjon uten grenser 06.11: Bibelselskapet 27.11: Kirkens Bymisjon 24.12: Kirkens Nødhjelp 26.12: Kyrkjelydsarbeidet

S 10/22	OPEN KYRKJE SOMMAREN 2022
	<u>Bakgrunn:</u> Tilbod om open kyrkje i sommarsesongen er ei ordning Fedjefolk og ferierande har vore van med lenge. Dei to siste åra har ikkje det vore mogeleg å gjennomføra grunna koronarestriksjonane. Skulle vi hatt open kyrkje i koronatida, måtte vi hatt ein person tilstades heile tida. Slik det har vore vanleg tidlegare, har den som til ei kvar tid har hatt ansvaret sørga for å låsa opp om morgonen og igjen om kvelden og elles sjå til at ting er på plass som dei skal.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	På møtet vert det tatt opp om vi skal gå for ei ordning med open kyrkje i tidsrommet 24. juni til 18. august. Opningstida vil vera mellom kl. 10.00 og kl. 20.00.
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner ordninga med open kyrkje i tidsrommet 24. juni til 18. august med opningstid mellom kl. 10.00 og kl. 18.00.